



Gol skule

INNKALLING

	Møte nr. 1-23/24	Tid	1. februar 2024 kl. 18:00
MØTESTAD	Gol skule, møterom 3		
KALLA INN:	Frå elevane: Malene Oppheim og Sina Slåtto Øynebråtene Frå føresette: Monica Silden Vedvik og Audun Grynning Frå tilsette: Liv Bjørsvik og Reidun Storeli Rese Frå skuleeigar: Asle Berg Bråtalen og Morten Lien		
FORFALL:	Neste møte: 29. mai 2024 kl. 18:00		
MØTELEIAR	Liv Bjørsvik	REFERENT	Morten Lien

SAK		Ansvar	Frist
Info	Frå elevrådet: Elevane seier at det verker som det er god stemning på us. Det er nokon elevar som har kontakt på tvers av trinna. Kalle har vore inne på trinnet å snakka om elevundersøkinga. Oppfatninga er at talla ikkje stemmer På 7. trinn er det og god stemning, men det er nokon som ikkje klarer å oppføre seg. Elevane meiner SPEKTER er ein betre undersøking enn elevundersøkinga frå UDIR. Litt få elevrådsmøter i år. Frå FAU: I FAU er ein engasjert gjeng. Det er enkelte oppgåver som blir jobba med, t.d. nattvandring. Det har vore møte med Trond på Klubben. Han har bedt om hjelp frå foreldra. Dei jobbar og med eit foredrag a'la det dei hadde i fjor med «Midt i trynet». Tanken denne gongen er at det skal handle om mobbing og foreldrenettverk. Det er ein diskusjon om kor langt ned i trinna ein skal gå. Dei jobbar med å rekruttere nestleiar Frå dei tilsette: På skulen blir det jobba med korleis dei vaksne kan sjå alle elevane og korleis ein kan tilpasse for elevane best mogleg. Ikkje berre i timane, men og i friminutta. Vidare har lærarane gjennomført prosessen med skuleting. Det kom fram mange spennande syn. Det som er fint er at det	Alle	

	er lite forskjell på kva dei vaksne på skulen ønsker, kva elevane tenkjer og kva foreldra tenkjer. Det er og jobba med resultata frå elevundersøkinga. Det er arbeidd ut ein strategi på korleis ein skal jobbe med. SPEKTER er eit nyttig verktøy i jobben mot mobbing. Eksempel på strakstiltak kan vere ekstra inspeksjon. Frå skuleeigar: I løpet av eit år blir det rapportert 6-7 gonger frå oppvekstsjefen om ulike saker. Akkurat no blir det rigga ein jobba rundt kvalitetsplanen og korleis den skal sjå ut. Det er trøgt i kommuneøkonomien. Det er mange tiltak som må prioriterast. Skule er ikkje det som blir prioritert akkurat no, men politikarane ser kor viktig det er å ha ein god skule og at dette kan føre til at ungdommen kjem attende til Gol. Skuletinget blir oppfatta til å ha engasjert folk. Elevundersøkinga Resultata frå elevundersøkinga på barnetrinna er gode, bortsett frå på 7. trinn når det gjeld mobbing. U-trinna har og greie resultat, men det er bekymringsverdig at det er høge mobbetal. Dette er tak i med oppfølging i form av den kvalitative undersøkinga SPEKTER og oppfølgande intervju. Der det blir avdekt konkrete mobbesaker blir dette følgd opp etter retningslinjene til skulen.		
1-23/24	Val: Leiar: Liv Nestleiar: Monika Leiar skulen sitt miljøutval: Liv Nestleiar skulen sitt miljøutval: Monika Referent: Morten	Liv	
Skulen sitt miljøutval			
1/23/24	Elevundersøkinga Rektor informerte om funn i SPEKTER etter at dei blei rapportert høge mobbetal. Det er oppretta systemsak der PPT er bedne om å vurdere arbeidet med oppfølginga. Foreløpige tilbakemeldingar etter intervju er at det er mobbing på skulen, men at det ikkje er i den storleik det blir rapportert på enkelte trinn.	Morten	